

Møteinnkalling

Utval:	Valnemnda
Møtestad:	Rosendal Fjordhotel
Dato:	14.06.2016
Tid:	17:40

Du vert med dette kalla inn til møte i valnemnda.

Dagsorden:

kl. 17:40 Sakshandsaming

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall eller sende melding til folkevalde@hfk.no.

Innkallinga gjeld valde medlemer i Valnemnda. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Mona Røsvik Strømme
nestleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 6/16	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 7/16	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 8/16	Meldingar		
PS 9/16	Nyval av utval for opplæring og helse, utval for miljø og samferdsel og utval for kultur, idrett og regional utvikling	2015/8173	
PS 10/16	Val til varamannsliste til utvalet for opplæring og helse	2015/8173	
PS 11/16	Val til nytt skatteutval for perioden 2016-2019	2015/8173	
PS 12/16	Nyval til fleire verv og styrande organ	2015/8173	
PS 13/16	Nyval til styret i Carte Blanche	2015/8173	
PS 14/16	Søknad om permisjon frå verv	2015/8173	
PS 15/16	Ymse		

PS 6/16 Godkjenning av møteinnkalling

PS 7/16 Godkjenning av møtebok forrige møte

PS 8/16 Meldingar



Arkivnr: 2015/8173-255
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Valnemnda	9/16	14.06.2016
Fylkestinget		

Nyval av utval for opplæring og helse, utval for miljø og samferdsel og utval for kultur, idrett og regional utvikling

Samandrag

Fylkesrådmannen har motteke ein førespurnad frå fylkesordførar om å gjere endringar i utval for opplæring og helse, utval for miljø og samferdsel og utval for kultur, idrett og regional utvikling med slikt grunnlag:

«Grunna endringane som er gjort i samband med S. Valle sin bortgang ynskjer Ap å gjera endringar i samansettinga av utvala for å ivareta ei god geografisk fordeling av representantane.»

I henhold til KommuneLOven § 10 Faste utval. Komitéer. nr. 6 har fylkestinget moglegheit til å omorganisere eller nedlegge dei tre faste utvala. I «KommuneLOven med kommentar» (6. utgåve, 2016) vert det spesifisert at ein eventuell utskifting av medlemmer i valperioden må skje ved fullstendig nyval, ikkje ved at enkeltmedlemmer vert skifta ut ved suppleringsval.

Eit fullstendig nyval av utvala inneber at alle medlemmane og varamedlemmane av utvala må veljast på nytt. Det påverkar såleis alle partia på fylkestinget. Arbeidarpartiet har vore i kontakt med gruppeleiarane på fylkestinget og fått stadfesta at dei vil støtta eit nyval av utvala og at det skjer som eit avtaleval.

På bakgrunn av førespurnaden frå fylkesordførar fremjar fylkesrådmannen ein sak om fullstendig nyval i utval for opplæring og helse, utval for miljø og samferdsel og utval for kultur, idrett og regional utvikling.

Forslag til innstilling

Fylkestinget gjer slike nyval:

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 03.06.2016

Fylkesrådmannen har motteke ein førespurnad frå fylkesordførar om å gjere endringar i utval for opplæring og helse, utval for miljø og samferdsel og utval for kultur, idrett og regional utvikling med slikt grunnlag:

«Grunna endringane som er gjort i samband med S. Valle sin bortgang ynskjer Ap å gjera endringar i samansettinga av utvala for å ivareta ei god geografisk fordeling av representantane.»

I henhold til kommunelova § 10 Faste utval. Komitéer. nr. 6 står det:

«Kommunestyret og fylkestinget kan selv når som helst omorganisere eller nedlegge faste utval og komitéer. En komité kan også omorganiseres eller nedlegges av det organ som har fått myndighet til å opprette vedkommende komité.»

I «Kommuneloven med kommentar» (6. utgåve, 2016) er det forklart slik til § 10 nr.6:

«... En eventuell utskifting av medlemmer i valgperioden må imidlertid skje ved fullstendig nyvalg, ikke ved at enkeltmedlemmer skiftes ut ved suppleringsvalg, dersom det ikke foreligger en situasjon som omhandlet i § 16 nr. 2 og 3. Det er heller ikke adgang for et politisk flertall til å fjerne enkeltmedlemmer fra vervet hvis ikke vilkårene for suspensjon er til stede, jf. § 15 nr. 3. ...»

Eit fullstendig nyval av utvala inneber at alle medlemane og varamedlemane av utvala må veljast på nytt. Det påverkar såleis alle partia på fylkestinget. Arbeidarpartiet har vore i kontakt med gruppeleiarane på fylkestinget og fått stadfesta at dei vil støtta eit nyval av utvala og at det skjer som eit avtaleval.

På bakgrunn av førespurnaden frå fylkesordførar fremjar fylkesrådmannen ein sak om fullstendig nyval i utval for opplæring og helse, utval for miljø og samferdsel og utval for kultur, idrett og regional utvikling.

I. Kort om val - rettsreglar

I lov om kommuner og fylkeskommuner av 25. september 1992 nr. 107 (kommunelova) er det fastsett reglar om kven som er valfør og har plikt til å ta i mot val, om forholdsval, fleirtalsval og avtaleval. Fylkestinget har fastsett talet på medlemer i fylkeskommunale utval i reglement for dei respektive organa.

Kommunelova

«§ 14. Valgbarhet. Plikt til å ta imot valg.

1. Ved valg til

- formannskap og fylkesutvalg
- faste utvalg
- kommunedelsutvalg
- kontrollutvalg
- kommuneråd og fylkesråd
- kommunale eller fylkeskommunale nemnder opprettet i medhold av andre lover gjelder følgende regler:

- a) Valgbar og pliktig til å ta imot valg er den som har stemmerett ved valg til kommunestyre og fylkesting, og som når valget finner sted står innført i folkeregisteret som bosatt i vedkommende kommune eller i en av kommunene i fylket. Ved valg til kommunedelsutvalg kan kommunestyret vedta at bare de som er innført i folkeregisteret som bosatt i vedkommende kommunedel, er valgbar. Den som ikke har nådd stemmerettsalder, er valgbar, men ikke pliktig til å ta imot valg.
- b) Utelukket fra valg er fylkesmannen, assisterende fylkesmann, og den som i vedkommende kommune eller fylkeskommune er administrasjonssjef eller dennes stedfortreder, er sekretær for kommunestyret eller fylkestinget, er leder av forvaltningsgren, har ansvaret for regnskapsfunksjonen i kommunen eller fylkeskommunen, eller foretar revisjon for kommunen eller fylkeskommunen. Leder av

enkeltstående virksomheter er likevel ikke utelukket fra valg. I kommuner og fylkeskommuner med parlamentarisk styreform er ansatte i sekretariatet til rådet som har fått myndighet delegert fra rådet, ikke valgbare.

- c) Rett til å kreve seg fritatt fra valg har den som har gjort tjeneste som medlem av vedkommende organ de siste fire år. Den som er medlem av et parti som er registrert etter partiloven kapittel 2, kan nekte valg på grunnlag av listeforslag som ikke er framsatt av dette partiet.

2. Den som har tapt sin stemmerett eller foretar revisjon for vedkommende kommune eller fylkeskommune, er utelukket fra valg til også andre folkevalgte organer enn nevnt i nr. 1.

3. Den som er ansvarlig for regnskapet i kommunalt eller fylkeskommunalt foretak eller for interkommunal eller interfylkeskommunal virksomhet som omhandlet i § 27, er utelukket fra valg til styret for foretaket eller den interkommunale virksomheten. Den som foretar revisjon for interkommunal eller interfylkeskommunal virksomhet som omhandlet i § 27, kan ikke velges til styret for virksomheten.

4. En kandidat som ellers ville vært utelukket fra valg på grunn av sin stilling, er likevel valgbar, hvis han eller hun har fratrudd stillingen når organet trer i funksjon.

§ 36. Forholdsvalg - listeforslag.

Ved forholdsvalg følges denne framgangsmåten:

1. Valg foregår på grunnlag av på forhånd innleverte lister med forslag til kandidater. Partier eller grupperinger som er representert i det velgende organ, kan bare levere ett listeforslag hver. Listen kan inneholde inntil dobbelt så mange forskjellige navn som det skal velges medlemmer. Kandidater fra et parti eller en gruppering kan bare føres opp på partiets eller grupperingens listeforslag, eller på en fellesliste som utgår fra flere partier eller grupperinger.

2. Skal det velges to eller tre medlemmer, skal hvert kjønn være representert på den enkelte liste. Skal det velges fire eller fem medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst to. Skal det velges seks til åtte medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst tre. Skal det velges ni

medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst fire, og skal det velges flere medlemmer,

skal hvert kjønn være representert med minst 40 prosent. Ved valg til folkevalgte organer som etter lov bare består av medlemmer av kommunestyre eller fylkesting, og ved valg av arbeidsutvalg for

folkevalgte organer, skal disse reglene følges så langt det er mulig. Når det gjelder representasjon av

begge kjønn i styret i selskaper som er eid av kommuner og fylkeskommuner i fellesskap, vises til kapittel 12 A.

3. Listeforslaget skal være underskrevet av minst ett medlem av det parti eller den gruppering som

framsetter forslaget. Den som underskriver må være medlem av det velgende organ. Foreslås kandidat som kan kreve seg fritatt fra valg, skal det være innhentet samtykke fra denne.

§ 37. Forholdsvalg - valgoppgjøret.

1. Ved valgoppgjøret fordeles medlemsplassene på listene i forhold til det antall stemmesedler hver liste har fått, ved bruk av delingstall 1, 2, 3, 4 osv. Har flere lister samme kvotient, tilfaller plassen den av listene som har størst stemmetall. Har de samme stemmetall, avgjøres valget ved loddtrekning.

2. Når det er avgjort hvor mange medlemsplasser en liste vil få, foretas en ny stemmeopptelling for listens kandidater. En går fram slik:
Først telles de navn som står som nr. 1 på stemmesedlene. Den kandidat som får flest stemmer ved denne opptellingen, er valgt. Skal listen ha mer enn én plass, teller en deretter opp de navn som står som nr. 2 på stemmesedlene. Den kandidat som får flest stemmer ved de to opptellingene, når en ser bort fra den allerede valgte, er valgt. På samme måte fortsetter en inntil alle plasser listen skal ha er besatt, med de modifikasjoner som følger av bestemmelsen i denne paragrafs nr. 3.

3. Hvis flere kandidater har fått like mange stemmer, anses den valgt som står først i rekkefølgen på listen. Ved opptellingen ses bort fra andre navn enn de som står på den innleverte valgliste.

3. Viser det seg at et kjønn etter denne fremgangsmåte vil bli representert med færre medlemmer fra en liste enn det som følger av kravene i § 36 nr. 2, rykker kandidater fra det underrepresenterte kjønn så langt mulig opp på listen i det omfang som er nødvendig for å oppnå slik balanse.

4. Hver liste skal såvidt mulig tildeles så mange varamedlemmer som den får medlemmer, med et tillegg av to. Varamedlemsplassene fordeles ved fortsatt opptelling på samme måte som bestemt for medlemmene i pkt. 2 og 3 ovenfor.

§ 38. Flertallsvalg. Ansettelse.

Ved flertallsvalg og ansettelse er den valgt eller ansatt som har fått mer enn halvparten av de avgitte stemmer. Hvis ingen får slikt flertall, holdes ny avstemning. Ved denne er den valgt eller ansatt som får flest stemmer. Ved stemmelikhet avgjøres ansettelse av møtelederen, mens valg avgjøres ved loddtrekning.

§ 38a. Avtalevalg.

1. Kommunestyret eller fylkestinget kan selv enstemmig vedta at valg til folkevalgte organer skal foregå som avtalevalg etter denne paragrafen.

2. Valget gjennomføres på grunnlag av innstilling med forslag til medlemmer og varamedlemmer til organet. Innstillingen skal inneholde et antall navn som tilsvarer antall medlemmer i organet med angivelse av den gruppe medlemmet representerer. I tillegg kan innstillingen inneholde et antall varamedlemmer for hver gruppe som tilsvarer antall medlemmer gruppen skal ha, med tillegg av to. Innstillingen vedtas enstemmig av kommunestyret eller fylkestinget.

3. Kravene til kjønnsbalanse i § 36 nr. 2 gjelder tilsvarende. Viser det seg at et kjønn vil få færre medlemmer enn det som følger av første punktum, skal kandidater fra det underrepresenterte kjønn settes inn i det omfang som er nødvendig for å oppnå slik balanse. Ved valg til folkevalgte organer som etter lov bare består av medlemmer av kommunestyre eller fylkesting, og ved valg til arbeidsutvalg for folkevalgte organer, skal disse regler følges så langt det er mulig.

4. Ved valg av varamedlemmer gjelder nr. 3 tilsvarende.»

Kommunaldepartementet har i rundskriv H-12/15 - Val av formannskap/fylkesutval, kommuneråd/fylkesråd, ordfører/fylkesordfører, varaordfører, faste utval m.m - presisert følgjande ved forholdsval:

"Røystinga skal skje skriftleg og med bruk av røystesettlar. Det er høve til å røyste blankt, jf. kommunelova § 40 nr. 2.

Ein kan gjere følgjande endringar på røystesettlane:

- stryke kandidatnamn
- endre rekkefølga på kandidatane

Det er ikkje høve til å føre opp kandidatar frå andre lister. Det er heller ikkje høve til å føre opp kandidatar som ikkje står på noko listeframlegg, jf. kommunelova § 37 nr. 2 siste ledd. Det fører likevel ikkje til ugyldigheit at noko av dette er gjort. Ein ser berre bort frå desse namna ved oppteljinga.”

Om avtaleval skriv departementet m.a.:

”Samrøystes vedtak

Framgangsmåten er avhengig av oppslutnad frå ei samrøystes forsamling. Dersom ein medlem krev forholdstalsval, må valet haldast etter dei reglane som er omtalt foran i punkt 1.5. Fleirtalet kan ikkje avvise eit krav om forholdstalsval.

Innstilling

Det blir lagt fram ei innstilling med forslag på kandidatar. Dette kan til dømes gjennomførast på den måten at ei valnemnd som er sett ned av kommunestyret eller fylkestinget legg fram eit forslag til personsamansetjing i formannskapet eller fylkesutvalet. Forslaget er basert på ei avtale mellom gruppene i kommunestyret eller fylkestinget, der ein legg til grunn at ei gruppe får ein representasjon som svarar til forholdstalsprinsippet - eventuelt sett i samanheng med fordelinga av medlemsplassar i øvrige folkevalde organ. Innstillinga frå valnemnda skal splittast opp, slik at ein nemner medlemmer og varamedlemmer frå kvar gruppe, med parti- eller gruppenemning. Varamedlemmene blir dermed ikkje varamedlemmer for andre enn dei faste medlemmene frå vedkomande gruppe.

Røysting og valoppgjer. Kjønnsmessig balanse

Innstillinga må vedtakast samrøystes.

Ved forholdstalsval stiller kommunelova krav om kjønnsmessig balanse *blant kandidatane* på listeforslaga, jf. § 36 nr. 2, og *blant dei som blir valde inn som representantar* for kvar liste, jf. § 37 nr.

3. Ved avtaleval stiller kommunelova § 38a nr. 3 krav om at det skal vere *kjønnsmessig balanse blant dei medlemmene som blir valde, når ein ser på organet under eitt.* ”

II. Orientering om utvala

Delegasjonsreglementet til Hordaland fylkeskommune seier:

«Utval for kultur, idrett og regional utvikling har 13 medlemmer.

Utval for opplæring og helse har 15 medlemmer

Utval for miljø og samferdsel 15 medlemmer.

Medlemmer og varamedlemmer vert valde av fylkestinget, som og vel leiar og nestleiar. Medlemmene og varamedlemmene bør veljast mellom fylkestinget sine medlemmer og varamedlemmer.»

III. Funksjonstid

Funksjonstida er for resten av den fylkeskommunale valperioden.



Arkivnr: 2015/8173-248
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Valnemnda	10/16	14.06.2016
Fylkestinget	50/16	14.06.2016

Val til varamannsliste til utvalet for opplæring og helse

Samandrag

Fylkestinget gjorde slikt vedtak for Miljøpartiet De Grønne (MDG) og Venstre (V) i utvalet for opplæring og helse:

Medlemer

Strømmen, Øyvind - MDG
Erichsen, Elizabeth Toft - V

Varamedlemer

1. Bruarøy, Janne Bjånes - FL MDG/V
2. Hamre, Bjørnar - FL MDG/V
3. Golis, Natalie - FL MDG/V

Det vart her valt inn to faste medlemer frå kvart sitt parti. Varamannsliste er ein fellesliste med dei same to partia. Varamannslista består av to medlem frå MDG (Janne Bjånes Bruarøy og Natalie Golis) og eit medlem frå Venstre (Bjørnar Hamre).

Kommunelova seier at kvart parti skal ha det same talet varamedlemer som faste medlemer, + 2, jmf. § 38a punkt 2. Det førar til to alternativ:

- Øyvind Strømmen, MDG, og Elizabeth Toft Erichsen, V, er vald inn frå sine to parti, utan fellesliste, og skal ha kvar sin varamannsliste med tre namn. Fylkestinget må då velje to varamannslistar, ein for MDG og ein for V, med tre namn på kvar.
- Øyvind Strømmen, MDG, og Elizabeth Toft Erichsen, V, er vald inn ved fellesliste. Da skal dei ha ein felles varamannsliste med fire namn. Fylkestinget må da velje ytterligare ein varamedlem til den eksisterande varamannslista.

Fylkesrådmannen tilrår at fylkestinget gjer eit val av varamannsliste som tydeliggjer om MDG og V har fellesliste eller er uavhengige kvarandre i utvalet for opplæring og helse.

Forslag til innstilling

Fylkestinget gjer slikt val til varamannsliste til utvalet for opplæring og helse:

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.



Arkivnr: 2015/8173-249
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Valnemnda	11/16	14.06.2016
Fylkestinget	49/16	14.06.2016

Val til nytt skatteutval for perioden 2016-2019

Samandrag

Skatteetaten sendte ein førespurnad 21. mars 2016 om å nemne opp nytt skatteutval for perioden 2016-2019.

«Dagens skatteutvalg hadde funksjonstid til 31. desember 2015, men på grunn av mulige endringer i oppgaveløsningen ble funksjonstiden forlenget til 30. juni 2016. Organiseringen av skatteutvalgene er regulert i skattebetalingsforskriften §§ 15-1-1 flg. Etter skattebetalingsforskriften skal fylkestingene oppnevne medlemmer og varamedlemmer til skatteutvalgene.»

Til Skatt Vest skal fylkestinget i Hordaland velje 4 medlemmer (leiar) og 1 varamedlem. Skatteetaten føreslår at fylkestinget om mogleg kan nemne nokon som allereie sit i skatteutvalet i dag. Det er elles ingen kvalifikasjonskrav for å verte nemnt som utvalsmedlem, men likningslova §§ 2-5 og 2-8 gjeld. Årleg godtgjersle for året 2016 er satt til kroner 76 000 for leiar, kroner 50 000 for nestleiar og kroner 38 000 for medlemmer. Godtgjersla vert normalt betalt i april, august og november.

Det nye skatteutvalet skal vere operativt frå 1. juli 2016.

Forslag til innstilling

Fylkestinget gjer slikt val til skatteutvalet i Skatt Vest:

Medlemer

.....
.....
.....
.....

Leiar:

Varamedlem

.....

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.



Arkivnr: 2015/8173-247
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Valnemnda	12/16	14.06.2016
Fylkestinget	48/16	14.06.2016

Nyval til fleire verv og styrande organ

Samandrag

Sveinung Valle, A, gikk bort 20. april 2016 og på bakgrunn av det må det gjerast nyval. Valle satt i fleire verv, både internt i fylkeskommunen og eksternt. Nokre val til eksterne verv vart gjort i fylkesutvalet 20.04.2016.

Følgjande verv må veljast no:

- Medlem i fylkestinget ved opprykk
- Medlem i fylkesutvalet
- Varamedlem i utval for miljø og samferdsel
- Varamedlem i utval for opplæring og helse
- Medlem i administrasjonsutvalet
- Medlem i valnemnda
- Leiar i valnemnda
- Medlem i fylkesvalstyret
- Varamedlem i Vestlandsrådet
- Varamedlem i Kontaktutvalet for Bergensprogrammet
- Medlem i styringsgruppa til Regionalt næringsforum
- Representant i arbeidsgruppa for Economic development i Nordsjøkommisjonen
- Varamedlem til landstinget i KS
- Medlem til fylkesmøtet i KS

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet gjer slike val:

Medlem i fylkestinget ved opprykk:

Medlem i fylkesutvalet:

Varamedlem i utval for miljø og samferdsel:

Varamedlem i utval for opplæring og helse:

Medlem i administrasjonsutvalet

Medlem i valnemnda:

Leiar i valnemnda:

Medlem i fylkesvalstyret:

Varamedlem i Vestlandsrådet:

Varamedlem i Kontaktutvalet for Bergensprogrammet:

Medlem i styringsgruppa til Regionalt næringsforum:
Representant i arbeidsgruppa for Economic development i Nordsjøkommisjonen:
Varamedlem til landstinget i KS:
Medlem til fylkesmøtet i KS:

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.



Arkivnr: 2015/8173-256
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Valnemnda	13/16	14.06.2016
Fylkestinget		

Nyval til styret i Carte Blanche

Samandrag

Fylkestinget gjorde 08.12.2016 slikt vedtak i PS 97/15:

«16. Carte Blanche AS, styret

Medlem: 2. Geir Kjell Andersland - V

Varamedlem: 4. Renate Møgster Klepsvik – Frp»

På generalforsamlinga til Carte Blanche 26. mai 2016 stilte staten sine representantar spørsmål ved at dei to som vart føreslått inn, ein frå Bergen kommune og ein frå Hordaland fylkeskommune, begge var menn. Det vil føre til at andelen kvinner i styret vert mindre enn 40%. Bergen kommune eller Hordaland fylkeskommune må difor velje ny medlem.

Bergen kommune har ønskje om å oppretthalde sin medlem, Ole Hope, på bakgrunn av kontinuitet.

Forslag til innstilling

Fylkestinget gjer slikt nyval til styret i Carte Blanche:

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.



Arkivnr: 2015/8173-254
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Valnemnda	14/16	14.06.2016
Fylkestinget	51/16	14.06.2016

Søknad om permisjon frå verv

Samandrag

Representanten Dan Stian Femoen, Høyre, søker om permisjon frå sine verv i Hordaland fylkeskommune frå 18.07.2016-15.07.2017 då han skal opphalda seg i utanlands.

Fylkesrådmannen finn å kunna tilrå permisjon og suppleringsval.

Forslag til innstilling

1. Dan Stian Femoen får permisjon frå verva som medlem i fylkestinget og utvalet for opplæring og helse og som varamedlem for fylkesutvalet, fylkesvalstyret og fylkestrafikksikringsutvalet i tida 18.07.2016-15.07.2017.
2. For den tida Dan Stian Femoen har permisjon gjer fylkestinget slike val:
 - a) Medlem i fylkestinget etter opprykk:
 - b) Medlem i utvalet for opplæring og helse:.....
 - c) Varamedlem i fylkesutvalet:
 - d) Varamedlem i fylkesvalstyret:
 - e) Varamedlem i fylkestrafikksikringsutvalet:.....

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 25.05.2016

Representanten Dan Stian Femoen, Høyre, har i e-post 25.05.16 søkt om permisjon frå fylkeskommunale verv. Han skriv:

«Undertegnede, representant Dan Femoen (H), søker med dette om permisjon i perioden 18.7.16 – 15.7.17 fra følgende folkevalgte verv:

Medlem av Fylkestinget
 Medlem av Utvalg for opplæring og helse
 Varamedlem Fylkesutvalget
 Varamedlem Fylkesvalgstyret
 Varamedlem Fylkestrafikksikringsutvalget i Hordaland

Bakgrunnen for søknaden er at undertegnede i perioden oppholder seg i utlandet.»

Rettsleg grunnlag

Fritak frå teneste i verv på grunnlag av søknad er regulert i kommunelova § 15 nr. 2 som lyder:

”2. Kommunestyret og fylkestinget kan etter søknad frita, for et kortere tidsrom eller resten av valgperioden, den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjømte sine plikter i vervet.”

Om korleis regelen er å forstå er det i kommentarane til kommunelova (Overå/Bernt: Kommuneloven med kommentarer) teke inn m.a.:

”Fritak er betinget av at vedkommende ”ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjømte sine plikter i vervet”. Fritaksgrunn vil i første rekke være at søkerens arbeidsforhold, dårlig helse eller andre velferdsgrunner gjør det ekstra byrdefullt å oppfylle de plikter vervet medfører. Avgjørelsen må nødvendigvis bli temmelig skjønsmessig. Forhold som politisk motgang, endret politisk oppfatning eller utilfredshet med organets arbeid vil imidlertid etter tradisjonell lære som utgangspunkt ikke kunne kvalifisere til fritak. Men etter at man i loven nå også har tatt inn ordet ”belastning” som alternativ til ”vanskelighet”, kan man ikke helt utelukke slike forhold som fritaksgrunn i situasjoner hvor de har ført til helsemessige eller sosiale belastninger for et medlem, jf. NOU 1990: 13 s. 185 hvor det blant annet uttales:

”Utvalget vil vise til at det kan være usikkert hvor langt begrepet ”uforholdsmessig vanskelighet” rekker og foreslår derfor formuleringen ”...den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning ...” for å klargjøre at det også kan være andre forhold enn de som er nevnt overfor som kan gjøre det svært vanskelig for en representant å fortsette i vervet, og hvor det derfor kan være rimelig å frita vedkommende.”

Vurdering

Representanten Femoen skal opphalda seg i utlandet. Det er sagt i førearbeida til lova at det skal leggjast til grunn ei streng vurdering for fritak. For Femoen vil møteplikt i fylkeskommunale organ kunna verta ei belastning både m.o.t. tidsbruk og kostnader, slik fylkesrådmannen ser det.

Etter fylkesrådmannen si vurdering må vilkåret for fritak vera oppfylt, og det blir rådd til å gi fritak. Det kan også visast til tidlegare praksis der det er gitt fritak på grunn av utanlandsopphald (jfr. FT-sak 65/06, 66/09, 63/12 og 95/12).

Dersom Femoen får permisjon frå verva, bør det gjerast suppleringsval for den tida han har permisjon. Kommunelova § 16 Opprykk og nyvalg regulerer forholdet:

«3. Dersom et medlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre og fylkesting, kommunestyrekomité og fylkestingskomité trer endelig ut, velges nytt medlem, selv om det er valgt varamedlem. Organet skal suppleres fra den samme gruppe som den uttredende tilhørte. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40

prosent av medlemmene i organet, skal det så langt det er mulig velges nytt medlem fra det underrepresenterte kjønn.

5. Er antallet varamedlemmer eller en gruppes varamedlemmer til formannskapet, fylkesutvalget eller et annet folkevalgt organ valgt av kommunestyret eller fylkestinget blitt utilstrekkelig, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge ett eller flere faste eller midlertidige varamedlemmer. Suppleringsvalg skal skje fra den gruppen som har et utilstrekkelig antall varamedlemmer. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av varamedlemmene til organet eller gruppens varamedlemmer, skal det så langt det er mulig velges nytt varamedlem fra det underrepresenterte kjønn. Myndigheten til å foreta suppleringsvalg til andre organer enn formannskapet eller fylkesutvalget kan delegeres til formannskapet eller fylkesutvalget.»

Fylkesvalstyret føretek nytt valoppgjør for val av ny varamedlem til fylkestinget når fylkesordføreren finn det naudsynt.

PS 15/16 Ymse